




FISKERIDIREKTORATET  
Ressursavdelingen

Fiskeri- og kystdepartementet

Boks 8118 Dep

0032 OSLO



Saksbehandler: Kristin Skurtveit

Telefon: 91308763

Seksjon: Fartøy- og deltakerseksjonen

Vår referanse: 09/10216

Deres referanse:

Vår dato: 20.05.2009

Deres dato:

Att:

## HØYRING - ENDRING AV REGLANE I KONSESJONSFORSKRIFTEN OM STORLEIKSAVGRENSING FOR FARTØY MED PELAGISK TRÅLLØYVE

Vi viser til Fiskeri- og kystdepartementets høyringsbrev motteke 6. april 2009. Høyringsbrevet gjeld endring av reglane i konsesjonsforskrifta om storleiksavgrensing for fartøy med pelagisk trålløyve.

Høyringsfristen er sett til 20. mai 2009.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner at fleire forhold no talar for å vurdere ein auke i avgrensinga av lasteromsvolum for fartøy med pelagisk trålløyve. Dei peikar på at pelagiske trålfartøy har eit driftsmønster som inneber at dei i mange høve må langt frå kysten for å hauste fangsten. På grunn av lasteromsavgrensinga må fartøya gå fleire turar ut på feltet for å få ført i land kvoten sin enn dersom fartøya hadde hatt eit større lasterom. Til dømes vert det lange turar i samanheng med fisket etter kolmule vest av Irland og det vert meir ressurskrevjande å få landa fangsten..

Departementet peikar vidare på at ei auke av storleiksavgrensinga vil effektivisere driftsmønsteret, redusere driftskostnadane og vere positivt i høve til utslepp av klimagassar og NOx.

Det vises også til at dei fleste fiskeria i dag er regulerte med fartøykvotar, og dermed er det eit fast kvantum fisk pr. år det enkelte fartøy kan hauste.

Det vert presisert at auken i lasteromsvolumet ikkje vil føre til endringar i kva rom om bord i fartøyet som skal reknast med i volumet. Alle rom som eignar seg til føring av fangst skal framleis reknast med.

Departementet konkluderar med at lasteromsavgrensinga for den pelagiske trålgruppen bør aukast frå 1000 kbm til 2000 kbm.

## Fiskeridirektoratets merknader

Det er pr. i dag registrert 35 fartøy med pelagisk trålløyve. Av desse er 8 såkalla kombinasjonsfartøy med pelagisk trålløyve og ringnotløyve. Snittalderen for fartøy med pelagisk trålløyve er på ca. 19 år og for kombinasjonsfartøya aleine på ca. 13 år. Ei auking av størrelsesavgrensinga av lasteromsvolum frå 1000 kbm til 2000 kbm vil kunne stimulere til utskifting av fartøya til meir moderne fartøy. Den pelagiske trålflåten har vore prega av høg snittalder, ei fornying av denne flåtegruppa må difor sjåast som ønskjeleg. Om denne flåtegruppa vil fornye seg er likevel avhengig av rammene elles.

Lønnsemdsundersøkingane til Fiskeridirektoratet for 2007 viser at fartøy med pelagisk trålløyve har hatt noko av den høgaste reduksjonen av lønnsemd i havfiskeflåten. Driftsmarginen vart redusert frå 19,5 % i 2006 til 10,2 % i 2007. Departementet har ikkje gjort framlegg om å endre grensa for konsesjonskapasiteten ved samanslåing (strukturering) i den pelagiske trålgruppen. Maksimal konsesjonskapasitet ved samanslåing vil framleis vera på 1000 kbm., dvs. lik nøgjeldande faktiske lasteromsavgrensing. For å leggje til rette for fornying av flåten trur Fiskeridirektoratet det er naudsynt å gjere endringar også i strukturordningane for den pelagiske trålgruppen. Struktureringa av denne gruppa har stagnert den seinare tida. Dette kan ha samanheng med at 13 fartøy med pelagisk trålløyve pr. i dag har nådd en konsesjonskapasitet på 1000 kbm. Ytterlegare 7 fartøy har en konsesjonskapasitet mellom 800 og 1000 kbm.. Over halvparten av fartøya har dermed enten nådd taket eller er nær ved å nå det.

Å auke lasteromsavgrensinga aleine vil difor ha mindre effekt enn om man samstundes endra høvet til samanslåing av kvoter. Ein strukturordning som legg til rette for ytterlegare reduksjon av mengd fartøy vil vere eit vesentleg element for å betre rammene for den pelagiske trålflåten og vil kunne ha stor innverknad på graden av fornying.


Fiskeridirektoratet vil vidare gjere merksam på at ei auking av lasteromsavgrensinga frå 1000 kbm til 2000 kbm vil kunne føre til ei kapasitetsauke i dei fiskeria som ikkje er regulerte med fartøykvotar; til dømes i fisket etter kolmule. Det går frem av § 3 i forskrift av 2. februar 2009 om fartøykvoter og maksimalkvoter i fiske etter kolmule i 2009 at *"Fartøy med pelagisk tråltillatelse eller nordsjøtillatelse kan i fisket etter kolmule ta om bord og levere fangst per tur lik fartøyets faktiske lasteromskapasitet, dog ikke utover størrelsesbegrensning angitt i §§ 2-7 og 2-11 i forskrift av 13. oktober 2006 om spesielle tillatelser til å drive enkelte former for fiske eller fangst (konsesjonsforskriften)."*

I fisket etter sei i Nordsjøen og Skagerak er fartøy med pelagisk trålløyve regulert innafor ei kvotegruppe saman med fartøy med nordsjøløyve og avgrensa nordsjøløyve, med ei maksimalkvote på 400 tonn pr. fartøy. Det er stor skilnad mellom desse 3 løyvegruppene og mellom dei einskilte fartøy i kvar gruppe i kva mon fartøya fisker etter sei. I 2008 var det av 45 fartøy med nordsjøløyve og pelagisk trålløyve berre 24 fartøy med registrert fangst av sei på sluttsetelen. Berre 5 fartøy har fiska meir enn 200 tonn. Lågare kvoter på kolmule i 2009 og dei kommande år kan likevel gjere seifisket meir interessant for fleire fartøy med pelagisk trålløyve. Ein auke av lasteromsavgrensinga til 2000 kbm kan dermed medføre ein kapasitetsauke også når det gjeld seifisket i Nordsjøen. Dersom det skjer ein ekspansjon i trålfisket etter sei med same høge overregulering som i dag, vil det verte naudsynt med ein lågare overregulering. Dette vil i praksis seie at dei fartøya som historisk har utnytta seikvota, må betale ein pris i form av redusert fangstmogelegskap ved lågare maksimalkvotar.

---

Fiskeridirektoratet har elles ikkje merknader til forslaget.

Med hilsen



Erlis Kohow  
seksjonssjef



Kristin Skurtveit  
seniorrådgiver